

FORELDREUTVALET FOR GRUNNOPPLÆRINGA



FORELDREUTVALET FOR GRUNNOPPLÆRINGA  **fug**

Når barna våre begynner på skulen, er dei avhengige av at vi foreldre saman med læraren skaper tryggleik, læring og trivsel på skulen. Gjennom eit godt heim-skule-samarbeid kan foreldre og skule saman skape ein god skulegang for barna. Gjennom rådsorgana til skulen kan du som mor eller far vere med på å påverke skulekvardagen til barnet ditt.

Desse jobbar for eit godt heim-skule-samarbeid:

Foreldreutvalet for grunnpplæringa (FUG) er eit nasjonalt utval for og med foreldre som har barn i skulen.

Kva er vi i FUG opptekne av?

- Å verne om heim-skule-samarbeidet
- Å vareta interessene til foreldra i skulesamanheng
- Å gi kunnskap om korleis heim-skule-samarbeidet fungerer
- Å gi kunnskap om korleis foreldre kan støtte barna sine
- Å setje dagsorden og støtte foreldra når det gjeld sentrale tema som inneklima, mobbing, foreldremøte og skulearbeid

Kva gjer FUG?

- Gir råd og rettleiing til foreldre med barn i skulen
- Fungerer som service- og informasjonsorgan for foreldrekontaktar, FAU og kommunale foreldreutval
- Utarbeider ei rekkje publikasjonar til bruk for foreldre og tilsette i skulen (kan lastast ned frå www.fug.no)
- Driv oppsøkjande verksemd overfor foreldre med barn i skulen
- Gir råd til utdanningsmyndigheitene i saker som handlar om heim-skule-samarbeid
- Gir aktuell informasjon gjennom nettsida www.fug.no



Foreldrekontaktane

Foreldrekontaktane er kontaktleddet mellom foreldra i gruppa/klassen og Foreldrerådets arbeidsutval (FAU), og dei er bindeleddet mellom foreldra og skulen.

Foreldrerådet – Foreldrerådets arbeidsutval (FAU)

Alle foreldre som har barn i skulen, er medlem av foreldrerådet til skulen. Foreldrerådet vel eit arbeidsutval (FAU), som er foreldrestemma overfor skulen. FAU skal mellom anna sikre reell medverknad frå foreldra og ha medansvar for at læringsmiljøet til elevane er trygt og godt.

Samarbeidsutvalet (SU)

Samarbeidsutvalet er det øvste rådgivande organet på skulen, og her er alle partar i skulen representerte: elevar, foreldre, undervisningspersonalet, andre tilsette og to representantar frå kommunen, der rektor skal vere den eine. SU har rett til å uttale seg om/i alle saker som gjeld skulen. (SU kan erstattast av eit driftsstyre.)

Driftsstyre (DS)

Eit driftsstyre er eit styre for den enkelte skulen og kan samanliknast med eit bedriftsstyre. Målet med driftsstyret er at alle partane i skulen skal vere representerte i eit vedtaksorgan. (Driftsstyret kan erstatte SU.)

Skulemiljøutval (SMU)

Formålet med skulemiljøutvalet er å sikre at skulen arbeider systematisk for eit godt skulemiljø. SMU skal vere eit rådgivande organ for skulen i skulemiljø saker. Elevane, foreldra, skulen, tilsette i skulen og kommunen skal vere representerte. Foreldra og elevane skal til saman ha fleirtal i SMU.

Kommunalt foreldreutval (KFU)

Mellom Foreldrerådets arbeidsutval (FAU) ved den enkelte skulen og FUG på sentralt nivå er det ikkje noko lovheimla foreldreorgan. I rundt 180 av dei totalt om lag 430 kommunane i landet er det oppretta foreldreutval på kommunalt nivå på frivillig basis. Formålet med KFU er å koordinere behova/ønska til skulane i kommunen og å drive opplæring og erfaringsutveksling. KFU bør ha ein brei representasjon og vere ein naturleg samarbeidspartnar for politikarane og skuleadministrasjonen.

Kven kan du som forelder/føresett kontakte for å få hjelp og støtte i skulesaker?

- Foreldrekontaktane i gruppa/klassen
- Kontaktlæraren
- FAU/samarbeidsutvalet/driftsstyret/ SMU
- Skuleleiinga
- Kommunalt foreldreutval (KFU)
- FUG
- Kommunen
- Fylkesmannen v/utdanningsavdelinga

Ønskjer du å få vite meir om kva ein foreldrekontakt gjer, kva det inneber å sitje i FAU, eller kvifor det er lurt å danne eit KFU? Veit du korleis du går fram dersom du skal klage? Ønskjer du tips om korleis du skal støtte barnet ditt i skulearbeidet? Sjå innom **www.fug.no** – der finn du meir informasjon.

Skuleeigaren og rektor har ansvar for at alle rådsorgana blir oppretta, og at dei fungerer i samsvar med føresegnene i opplæringslova.

Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG) er eit nasjonalt utval for og med foreldre som har barn i skulen.

FUG er opptatt av:

Heim-skule-samarbeid

- Å ta vare på foreldra sine interesser i skulesamanheng
- Å gje kunnskap om korleis eit heim-skule-samarbeid fungerer
- Å gje kunnskap om korleis foreldre kan støtte sine barn
- Å sette dagsorden og støtte foreldre når det gjeld sentrale tema som inn klima, mobbing, foreldremøter, skulearbeid, med meir.

www.fug.no – ein nettressurs for foreldre med barn i skulen

Foreldreutvalet for grunnopplæringa © **FUG 2009**

Foreldreutvalgt for
grunnopplæringa
www.fug.no
post@fug.no
© FUG 2010
Layout: Månelyst as
Foto: iStockphoto

